

# PROTOKOLL

## **MØTE I LEVELD, TORPO OG ÅL SOKNERÅD 18.4.2023 kl.17:00-19:00 – ÅL KYRKJESTUGU**

Tilstades: Einar Brattegard, Birger Bolstad, Wenche Smestad, Wenche Skår Ekse, Anne Kjersti Frøyen, Arild Ø Hansen, Torfinn Slåtto, Else Karin Veslegard, Sveinung Hansen

Forfall: Liv Margit Sørbøen, Geir Wiknes

Opning v/Torfinn: Menneskeverd

Saksnr.	Ansvaret	
<b>21/23 Godkjenning av innkalling og protokoll</b>	Ingen merknadar til innkalling, saksliste eller protokoll frå førra møte.	
<b>22/23 Godkjenne listene til soknerådsvalet for Leveld, Torpo og Ål</b>	Listene er kontrollerte og både kandidatane på listene og dei som har skrive under er medlemmer i dei rette sokna. Soknerådet godtek listene.	
<b>23/23 Endring av datoar for konfirmasjon vedteke i sak 13/23</b>	I sak 13/23 gjorde me vedtak om å ha konfirmasjon i Ål kyrkje laurdag før første sundag i juni. Denne dagen er det også borgarleg konfirmasjon, og ein slik kollisjon er uheldig av ulike årsaker. Vi bør truleg halde på to etterfølgjande helger, og dei to dagane i Ål kyrkje bør ikkje vere same helga. Første sundagen i juni blir i Ål og dagen før på Torpo. Den andre sundagen i juni blir i Leveld og dagen før i Ål.	<b>Sokneprest</b>
<b>24/23 Helsing til konfirmantane</b>	Det er forslag om å kjøpe gripekors som gāve til konfirmantane. Soknerådet støttar opp om dette.	<b>Sokneprest</b>
	Geir skriv ei enkel helsing som blir lese av ein frå soknerådet. Birger stiller på Torpo. Arild stiller i utgangspunktet begge dagane i Ål. Else Karin stiller i utgangspunktet i Leveld.	
<b>25/23 Dugnad på kyrkjegardane</b>	Det er litt uvisst når det kan bli dugnad. Torpo og Leveld skal ha dugnad på to laurdagar og Ål ein onsdag ettermiddag. Einar tek ansvar for å koordinere dugnader og ordnar annonse. Soknerådet tek ansvar for kaffi og noko attåt.	<b>Einar</b>
<b>26/23 Konfirmasjonsavgift</b>	Soknerådet ynskjer at konfirmantavgifta skal vere så låg som mogleg utan at det går ut over kvaliteten. I særlege høve bør vi kunne tilby deltaking utan avgift. Rådet ber sokneprest og kyrkjeverje arbeide med saka og førebu dette som ei sak til fellesrådet. Det bør vurderast om avgift for vanleg konfirmasjonsundervisning i større grad bør dekkast av kommunale overføringar og at avgifta bør begrensast til leirtur og liknande.	<b>Sokneprest</b> <b>Kyrkjeverje</b>
<b>27/23 Plan for trusopplæring - høyring</b>	Soknepresten vil gje ei uttale i denne høyringa. Soknerådet ynskjer ikkje å gje høyringssvar.	
<b>28/23 Drop-in-dag for dåp og vigsel</b>	Drop-in-dagen er pinseeftan, og det er behov for nokon som kan hjelpe til i tidsrommet kl 12-15. Wenche S E, Arild, Einar og Torfinn er villige til å stille opp den dagen.	
<b>29/23 Meldingar</b>	Arild Øystese Hansen står på 12.plass på nominasjonskomiteen si liste til val av bispedømmeråd. Anne Kjersti stiller som soknerådet sin representant til 50-års konfirmantfest.	
<b>30/23 Eventuelt</b>	a) Evaluering av påska 2023. Det var ei fin oppleving med ca 20 frå Skarslia på påskedagen i Leveld. Birger har laga ei eiga evaluering for gudstenesta på	<b>Sokneprest</b>

Nysethovda påskedagen. Det var mykje folk på Sangefjell skjærtorsdag, og noko av årsaka til dette er at det var tre dåp. Det bør vurderast å starte opp att med kveldsmåltid skjærtorsdag på Ål neste påske. God løysing å ha gudsteneste palmesundag på Nystølkyrkja.

- b) Det er eit spørsmål om me bør informere dei som er faste gjevarar til ungdomsarbeid om kva som er status for dette. Soknerådet ynskjer å sende ut slik informasjon i samband med oppstart til kyrkjelydspedagogen. I utgangspunktet ynskjer me at sokneprest og kyrkjelydspedagog arbeider med dette. Torfinn kan evt bistå ved behov.

**Sokneprest**

Neste møte: 10.mai kl 17:00

Referent: Torfinn Slåtto